

## Med Dale Mannskor på tur til Verona, Venezia og Gardasjøen

Frå 4.-13. september var Dale Mannskor på utanlandstur att – denne gongen til Veneto regionen i Nord Italia. 34 turdeltakarar, kormedlemmar med fylgje, landa fredag kveld på flyplassen i Bologna. Der stod Pål Christian Møller, den trivelege turleiaren vår frå Portugalturen, og tok imot oss. Etter to timars busstur var me så installerte på hotellet vårt i Verona.

Dagen etter fekk me omvisning i gamlebyen i Verona. Her gjekk me i smale middelaldergater, inn gjennom den 2000 år gamle byporten til middelalderborga Castelvecchio. Herifrå hadde me flott utsikt til den sjarmerande fotgjengarbrua Scaligero. Koret tok ein sang her i byporten før turen heldt fram til den mektige Scaligerofamilien sitt gravmonument og private kyrkje. Imponerande byggverk! Denne familien regjerte over Verona på 12- og 1300 talet, og har sett spor etter seg rundt omkring i byen og i heile regionen. Me benka oss i denne intime, vesle kyrkja medan koret gav oss ein minikonsert. Ei fin og høgtideleg stund!

Og så måtte me sjølv sagt besøkja Julies Hus, og sjå den romantiske balkongen som me kjenner frå Shakespeare sin tragedie om Romeo og Julie. Om kvelden samlast me til middag på ein av dei talrike kafear og restaurantar på Piazza Bra før me gjekk til det 2000 år gamle amfiteateret Arena di Verona. Her hadde me billetter til operaen Nabucco. Dette var ei fantastisk oppleving for oss alle, både framsyninga og atmosfæren i det imponerande og godt bevarte byggverket.

Søndag tok bussen oss til katedralen Sant Anastasia der koret skulle syngja under messa. Dei vart tekne imot av lokal guide som losa dei gjennom messa. Ei mektig oppleving i ein stor slått og fullsett katedral med nydeleg klang! Koret framførte «Jeg løfter opp til Gud min sang», «Alta Trinita Beata», «Ære Være Gud», «Du skal elske Herren din Gud», «Veni Sancte Spiritus» og «Til Sanctus». Deretter gjekk turen til Valpolicella, det mest kjende vindistriktet i området. Her besøkte me ein stor vingard der dei tok imot turistar til overnatting og servering. Me vart mottekne av ei sprudlande vertinne og viste rundt i vinhagen der me fekk ei kort innføring i produksjon av ymse druesortar før me benka oss til ein velsmakande lunch med lokalprodusert mat og vin til. Koret kvitterte med å syngja «Før ei dame som du---» til vertinna ute på plenen før avreise. Stor stemning!

Etter ein times busstur kom me så fram til Garda by ved Gardasjøen, der me skulle bu resten av turen. Det var eit mektig skue frå toppen då me såg ut over sjøen bada i sol med dei mange småbyane rundt. Dette må vera eit av dei finaste områda i Nord Italia. Her hadde me eit variert program. Ein dag hadde me busstur, med lokal guide, gjennom fleire små byar i den sørlege delen av Gardasjøen og båttur tilbake. På turen hadde me eit lengre stogg i den spesielle byen Sirmione, som ligg på ei lita halvøy ut i Gardasjøen heilt i sør. Einaste tilkomst til byen er gjennom den gamle byporten ved borga Castello Scaligero. Veldig spesielt å gå frå oldtid, gjennom trange middelaldergater og så plutselig vera mellom luksus motebutikkar og hotell. Her hadde me lunch, og så måtte me sjølv sagt smaka på isen som har rykte på seg for å vera den beste i Italia, og den fall i smak.

I Garda hadde me tre heile dagar til eigen disposisjon. Me utforska byen med den flotte sjøpromenaden som gjekk heilt til nabobyen Bardolino. Elles kunne me besøkja markedet i byen, rusla rundt i alle butikkane i smuga bak hamneområdet eller berre slappa av og nyta alt dei hadde å tilby på dei talrike kafeane og restaurantane utandørs. Nokre av turdeltakarane tok til og med turen nordover til byen Malcesine. Herifrå går det taubane opp på det høgste fjellet Monte Baldo med panoramautsikt til Gardasjøen og småbyane rundt. Det var og lagt til rette for fotturar på opparbeidde stiar i utkanten og rundt byen Garda. Me nytte dagane utandørs i solskin og temperaturar mellom 23- og 27 grader. Om kveldane møttest me til middag på hotellet og koseleg sosialt samver etterpå.

Ein dag hadde me felles tur til Venezia, med eigen båt frå bussparkeringa til midtpunktet i Venezia, Markusplassen, då dette er ein bilfri by. Her kunne me studera dei berømte attraksjonane Markuskyrkja, Dogepalasset og klokketårnet Kampanilen. Byggverk som kan ta pusten frå nokon og einkvar. Ein lokal guide tok oss rundt i denne unike byen som har så ufatteleg mykje å by på av museum, kyrkjer og kunstsattar, og ikkje minst kanalar med alle gondolane som frakta turistar på kryss og tvers. Og me fekk sjå dei berømte bruene, Rialtobrua og Sukkenes bru.. Etter alle desse

inntrykka frakta båten oss tilbake til bussen som tok oss til hotellet i Garda.

Høgdepunktet på reisa vart kanskje opplevinga i Madonna della Coronna kyrkja ved Spiazzi. Kyrkja ligg på ei hylle i ein bratt fjellvegg på den andre sida av fjellet Monte Baldo. Dei bakerste veggane i kyrkja er sjølve fjellveggen. Kyrkja er ei pilgrimskyrkje, bygd til ære for Jomfru Maria. På veggen inne i kyrkja kan ein sjå ein 70 cm høg statue av Jomfru Maria med krone. I denne kyrkja sang koret under messa laurdag kveld. Koret sang: «Jeg løfter opp til Gud min sang», «Alta Trinita Beata», «Ære Være Gud», «Du skal elske Herren din Gud», «Veni Sancte Spiritus», «Himmelske Fader» og «Til Sanctus». Det var ei oppleving me kjem til å hugsa lenge, framifrå klang, eit spesielt fint kyrkjerom og eitusiastisk publikum. Spesiell var og vegen ned til kyrkja. Her kunne ein ta minibuss, eller gå dei siste svingane i nydeleg kveldssol, der ein på vegen passerte bronsestatuar som fortalde Jesu lidingshistorie. Utsikten frå vegen ned og frå kyrkja var fantastisk. Her var me ivrige fotografar.

Etter messa avslutta me dagen med middag på ein lokal gard som serverte egne produkt, ekte bondekost. Mange spesielle smakar, og ei interessant oppleving vart det då lokalet var både museum og butikk. Bussen tok oss til slutt trygt ned att frå fjellet til hotellet.

Dette var avslutninga på ferieturen. Dagen etter var det tid for heimreise, og 10 kjekke og opplevelsesrike dagar var til ende. Takk for ein fin tur, og me gler oss alt til den neste. Ein spesiell takk til KorTur og Pål Christian Møller, korleiar, Ole Johnny Domben og musikalsk leiar, Lars Ragnvaldsen for eit flott opplegg og ein vel gjennomført tur.

Turdeltakar.